

RUTINE FOR VARSLING I SKJÅK KOMMUNE

1. Innleiing

Skjåk kommune skal vere ein open kommune der målet er ein god yringskultur med stor takhøgde for at dei tilsette deltek i det offentlege ordskifte. Alle tilsette i Skjåk kommune pliktar å melde frå om ulovlege, uetiske eller kritikkverdige forhold og/eller handlingar, eller grunngeven mistanke om slike. Vidare pliktar alle tilsette å opptre i samsvar med kommunen sine interesser og dei etiske retningslinene.

Ein god yringskultur og gode rutinar rundt varsling er viktig for lokaldemokratiet. Leiarar på alle nivå i Skjåk kommune har eit særleg ansvar for å leggje til rette for eit godt yringsklima. Tillitsvalde, verneombod og tilsette elles har ei plikt til å medverke for å skape eit arbeidsmiljø der kritikk kan takast opp på ein forsvarleg og sakleg måte.

Reglar for handsaming av varsling følgjer av Arbeidsmiljølova kap. 2 A. Varsling.

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62#KAPITTEL_2 .

For meir informasjon om varsling sjå KS sin veileder «Ytringsfrheit og varsling»

http://www.ks.no/globalassets/blokker-til-hvert-fagomrade/samfunn-og-demokrati/etik/17197-ks_brosjyre-varsling-og-ytringsfrihet_f42_web.pdf

2. Gangen i ei varsling

- A) Alle tilsette er oppmoda til å varsle om kritikkverdige forhold i Skjåk kommune.
- B) Varslinga skal vere forsvarleg.
- C) Forsvarleg varsling skal ikkje gjengjeldast.
- D) Varsling i tråd med rutinen er forsvarleg.
- E) Varsling i samsvar med varslingsplikt, for eksempel etter arbeidsmiljølova § 2-2 andre ledd, bokstav d) eller e), eller varsling til tilsynsmyndigheit eller annan offentleg myndigheit, er alltid forsvarleg.
- F) Dette varselet bør leverast næraste overordna leiar eller tillitsvald/verneombod. Du kan også levere varselet til kommunen sin personalkonsulent.
- G) Det vert oppretta ei eiga mappe i arkivsystemet der varselet vert lagra.
- H) Arbeidsgjevar ynskjer at varselet skal underskrivast med namn. Arbeidsgjevar kan da innhente ytterlegare opplysningar frå varslar og gje attendemelding om kva som vert gjort med forholdet. Du kan likevel velje å varsle anonymt. Arbeidsgjevar si anledning til å følgje opp eit anonymt varsel kan vere avgrensa.
- I) Du vil innan 10 dagar få ei stadfesting på at varselet er motteke og vil bli fulgt opp i tråd med rutinen. Arbeidsgjevar vil ta nærare kontakt dersom det er behov for ytterlegare informasjon i saka. Arbeidsgjevar vurderer konkret om det er grunnlag for å gje deg ytterlegare informasjon om kva som skjer med saka du har varsla om. (Blant annet lovbestemt teieplikt kan avgrense arbeidsgjevar si anledning til å gje deg ytterlegare informasjon om saka).



VARSEL I SKJÅK KOMMUNE

Eg ynskjer å varsle om kritikkverdige forhold:

Varsla av:

Dato: